Førsteblad

I

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. 7

Herad: Granvin

Emne: Skav

Bygdelag:

Oppskr. av: Knut L. Dale

Gard: Dale

(adresse): Granvin

G.nr. 98 Br.nr. 1

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Kjenner ikkje til at kråtur som hadde fenge skav om vinteren var högare i pris om vaaren, enn kråtur som ikkje hadde fenge skav. Derimot har eg höyrt eldre folk paastaa, at kråtura var friskare før dei fekk skav enn dei er no. (?)

2 Ei vanleg trū var at skav av hegg ikkje skulde gjevast kråtūra einsaman; men maatte helst blandast med andre skavslag.

3 Det har eg ikkje höyrt om.

4 Til spörsmaal 4 kann eg svara: Det var no fyrst den ting kor mykje markaslag som höyrde til bruket, og fyrst og fremst det, maatte dei retta seg etter med skavinga (markinga) for aaret. Men eg kann opplysa at for bruket mitt paa Dale (gr. 98. br. 1.) vart ved matrikkel-skynet i 1860 aara – for logging (lauvtaking paa Mitsummaren) og marka fastsett til 1/4 Kyrafoster for aaret. Her paa garden var daa den vanlege fødoraden 5-6 Kyr + ungkrist + hest + 16-18 vinterfødde smala

9011

4+ Nó vil eg ikkje paastaa dette kann vera svatto norm for bygda. Men paa brúk der det var smarkaskog av ymse slag, kann eg tenkja meg det svara ikkje saa langtfraa til ~~vanlegt~~ detsamfraa vanlegt for bygda.

5 Ukjent. Men ordet sjöva kjenner ein i ordtäke om eit feinkt kvinnfolk „Ei sjöva til kvinnfolk". (Det har ikkje voro med spörsmaalet og gjera.)

6 Det trúgrest mindre rimeleg til, at dei brúka ein staúr fraa golvet og opp under lieten for og stö skavljaam til i gamle dagar. Her i bygda kann det i allefall ikkje hava vore saa svert lenge ibrúk. Fyrst etter at lemstovene (glasstover) vart bygde kanne det tenkja seg at dei gjorde det paa denne maaten.

Deimeat kúnde bandalaget vera bra laglegt, for det sette dei fast opp ved veggen, og der stod det offast baade vel og lenge om vinteren. Men beiteskio det vart brúkt av og til og stö skavljaam til.

Det var saa tilegrand om lemstovene (galsstoverne) i bygda. og kva tid dei vart bygde i staden for röykstoverne. Den fyrste lemstova som vart bygd her i bygda, var paa garden Skaftedal, Grannin og merkeleg nok paa ein gard der det er svert smaatt med timberskog.

Her paa Dale vart fyrske lemstova (Glasstova) bygd aar 1828. Det gaar

9011

6+ ei kvinning eller ein mann, som kom for og sjaa paa stova. Dei spurde kor han likte den. Han svara: „Jau stova ser god nok ut den, naar berre ikkje de hadde gjarda det rundt i so mykje glas".

7 Kjenner ikkje til at folk her i bygda, har kjøpt eller leigd skav-skog; men at ein eiger barskogen og ein anan lavskogen i same teigen det fyrekjem endaa. Men har eg høyrt vart selt (truleg almebast) til folk som ikkje hadde noko.

8 Det er ukjent.

9 Almenning er her ikkje i bygda.

10 Husmennerne tru eg ikkje hadde nokon rett og taka skav i skogen til husbonden. Men har høyrt at naar husmannen trang marka, gjekk og spurde husbonden kvar-helst og kor mykje han kunde faa hogga. Det veit eg soleis var tilfelle paa garden Holven.

11 Kjenner ikkje ordet skavhella.

12 Ukjent. Men den ting merka ein seg, at mest alle (helst gamle) folk skov marka so vel for bork sjølv ved kvisterne, og hekk i skav-blokka fast t. d. i endene paa marka-pinnar, rykte dei den av med handa.